

## MØTEREFERAT

OPPDAGRAG	10200755-01 Langelandskogen områdereguleringsplan	DOKUMENTKODE	10200755-01-PLAN-REF-001
EMNE	Avklaringsmøte	TILGJENGELIGHET	Open
MØTELEDER	Kristin Nåmdal (Meland Kommune)	REFERAT NR	001
MØTESTED	Meland Rådhus	MØTEDATO	12.oktober 2017
REFERENT	Hector Pina	REFERAT DATO	16. oktober 2017

Namn (INI)	Aktør/organisasjon	Tilstade	Kopi til
Kristin Nåmdal (Prosjektleiar/ Planlegger) (KN)	Meland Kommune (MK)	x	
Martin M. Kullid (Rådmann) (MMK)	Meland Kommune (MK)	x	
Anny Bastesen (Seksjonsjef Teknisk avd.) (AB)	Meland Kommune (MK)	x	
Stian Hviding (Arkitekt) (SH)	Vest-Land eigedom (VE)	x	
Hector Pina (Arkitekt/Planlegger)(HEPB)	Multiconsult (MUL)	x	
Liva Handeland (Landskapsarkitekt) (LH)	Multiconsult (MUL)	x	

Neste MØTE: 3. november 2017 kl 12.30 i Rådhushuset

SAK	TEKST	ANSVAR	FRIST
1	<b>Presentasjonsrunde</b> HEPB er prosjektleiar for MUL og trer inn for Torunn Åsheim (prosjektleder for Langelandsskogen mogleighetstudie). LH er også ein del av kjernegruppa. Åsheim er ute i delpermisjon, men skal vere en del av MUL si kjernegruppe i prosjektet.		
2	<b>Formål</b> Det blei informert at møtet ikkje er eit formelt oppstartsmøte for områdereguleringa av Langelandskogen. Formålet med møtet er å samle samarbeidspartnerne og gi orientering og felles forståing for planarbeidet. (KN)		
3	<b>Planarbeid- innhald</b> <b>Overordna målsetning og ønsker:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mogleighetstudia utarbeida av MUL skal ligge til grunn for vidare planarbeid. (KN)</li> <li>• Det er eit overordna mål å skape eit attraktivt lokalsenter/nærskenter for Meland sine innbyggjarar i framtida som ein del av Alver storkommune. (KN)</li> </ul>		

Oppstartsmøte

SAK	TEKST	ANSVAR	FRIST
	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Planarbeidet skal drøfte korleis funksjonar i planområdet skaper synergi med lokalsenteret. Området skal vere attraktivt, ha ein tydelig identitet og skal opplevast som ein god plass å bu. Planen skal sjå på forhold til gjeldande områdeplan for Frekhaug og vil omfatte eventuelle endringar av denne. (KN)</li> <li>● Det skal planleggast for attraktive sosiale møteplassar og eit variert offentleg/privat tenestetilbod. (KN)</li> <li>● Frekhaug skal ha ein urban struktur. Det skal leggast til rette for at dei som flyttar til Langelandskogen vil å gå (eller sykle) til Frekhaug og snøggbåtkaien og at dei ikkje nyttar bil til slike korte turar. Planen skal bygge opp om Frekhaug som gåvennleg.(MMK)</li> </ul> <p><b>Funksjoner:</b></p> <p>Funksjonar som skal inngå som ein del av planen eller som er foreslått vurdert i planarbeidet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● <b>Ny ungdomskule.</b> Moglegheitsudia viser ny ungdomskule på Frekhaug-sida. SH nevnar at Vest-Land eiendom er opne for at ungdomsskulen blir ein del av planområdet på Langeland-siden av vegen.</li> <li>● <b>Kommunal barnehage</b></li> <li>● <b>Bustader særskild tilrettelagd for heildøgnstenester.</b> Tunbygningar/sjukeheim.</li> <li>● <b>«Multihus» eller forsamlingshus.</b> Funksjonen er ønska, men det viser seg utfordrande å finne finansiering. Planen kan sjå på moglegheiter for sambruk med andre funksjonar (kyrkje, skule, osv.), evt. sikre areala som trengs.</li> <li>● <b>Svømmehall.</b> Svømmehall har vært drøfta men kan bli utfordrande å få midlar til dette i Frekhaug (MK).</li> <li>● <b>Kyrkje/ kulturhus.</b> Kyrkje bør ligge sentralt, den kan være eit mindre, enkelt bygg men likevel identitetskapsande, eks. den kan leggast synlig langs fv. 564 (MMK)</li> <li>● <b>Næring.</b> Planarbeidet bør drøfte om det er hensiktsmessig med næringsformål i området, eks., lokale for små næringsdrivande (SH). Kontorarbeidsplassar kan vurderast (KN). Næringsformål kan ha både positiv eller negativ effekt på området avhengig av størrelse og type, kombinerte formål kan vurderast (HEPB). Det ikkje er ønskeleg med handel/nærbutikk i Langelandskogen, handelsenteret må ikkje spreie seg og bør konsentrerast på Frekhaug-sida.(MMK).</li> </ul>		

**Oppstartsmøte**

SAK	TEKST	ANSVAR	FRIST
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Infrastruktur:</b> Det er ein pågående detaljreg.plan for fv 564 som inkluderer gang- og sykkelveg til Sagstad og ombygging av Frekhaugkrysset. Detaljreg. er viktig for å sikre gode tverrforbindelsar mellom Frekhaug og Langelandskogen. SSV er tiltakshavar for reg.planen, MUL er konsulent. Dette gir god moglegheit for godt samspele i den parallelle planlegginga. MUL skal sørge for å skape dette samspelet samt god måloppnåing i plantiltaka.</li> </ul> <p><b>Planavgrensing:</b></p> <p>MK og MUL vil sikre at planavgrensing til oppstart er stor nok slik at grensene for detaljregulering Fv 564 og Langelandskogen møtes når begge planer er vedtatt. MK har laga forslag til planavgrensing. Avgrensing ser foreløpig tilstrekkeleg ut.</p> <p><b>Medverking:</b></p> <p>MK ønsker å være pådrivar av en god medverkingsprosess knytt til planarbeidet. Det er ønskelig med meir enn vanlige folkemøter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Medverking med grupper frå friluftsliv og friluftsinteresser blir særleg viktig med tanke på tilgang til Storeknappen. Planen skal sikre tilgang til friområdet. Eirik Utne, kulturleder i Meland, kan koplast på dette arbeidet. «Folke-tråkk» kan være aktuelt.</li> <li>Ungdom. Det vil være viktig å legge til rette for møteplassar som egner seg godt for denne målgruppa.</li> </ul> <p>MUL føreslår opplegg for medverking.</p> <p><b>Barnetråkkregistreringer:</b></p> <p>I forbindelse med ei anna pågåande reg.plan i kommunen vil ARD-Arealplan utarbeide barnetråkkregistreringar. MK ønsker å bruke denne anledninga til å gjere registreringar for Langelandskogen også.</p> <p><b>Spørsmål om KU-krav:</b></p> <p>Planarbeidet er foreløpig vurdert som ikkje KU-pliktig. MUL tar ei vurdering av KU-spørsmål og kjem med innspel til MK før oppstartsmøte. Uavhengig av KU-spørsmålet ønsker MK å utarbeide eit forenkla planprogram/oppstartsnotat som kan inngå som ein del av oppstartsmeldinga. MUL utarbeider dette, og har et utkast klart til oppstartsmøtet.</p> <p><b>Planens detaljeringsnivå:</b></p> <p>Det kan bli aktuelt med at områdeplanen (eller deler av den) er detlajert nok til å unngå detaljreguleringsfase. Spørsmålet drøftes videre som en del av planarbeidet.</p>		

**Oppstartsmøte**

SAK	TEKST	ANSVAR	FRIST
4	<p><b>Framdrift</b></p>		
	<p><b>Foreløpig framdriftsplan:</b></p> <p>MUL har laga ein foreløpig framdriftsplan med formell oppstart i november og endeleg planvedtak i slutten av 2018. Framdriftsplanen er ambisiøs, men gir rom for tidsforskyvingar slik at områdeplanen kan bli vedteken før den offisielle kommunenesamslåinga i årsskiftet 2018-2019. Framdriftsplanen kan reviderast undervegs etter behov.</p> <p><b>Politiske vedtak:</b></p> <p>Dei politiske prioriteringane som omhandlar dei offentlege funksjonane i planen er enno ikkje fastsett. Formannskapet skal drøfte politiske prioriteringar i samband med budsjettmøte 29.11.2017. Det forventast at konsulenten og administrasjonen vil ha tydelegare signal om prioriteringar allereie etter dette møtet. Endeleg vedtak kan fattast på Kommunestyremøte 13.12.2017</p> <p><b>Oppstartsmøte:</b></p> <p>Formelt oppstartsmøte blei avtalt til fredag 3. november kl 12.30 i Meland rådhus.</p> <p>MK/KN sender ut innkalling.</p>		